


Alkoholpolitiske retningslinjer

for Hemsedal

2024 - 2028



Innhald

1. Generelt	3
2. Løyveperiode og tildeling	3
3. Tidsbegrensing for skjenking av alkohol	5
4. Krav om utarbeiding av sikkerheitsplan for store arrangement.....	6
5. Spesielle kriteria for uteservering	7
6. Salsløyve	8
7. Ansvar og mynde	8
8 Andre forhold.....	9
9. Reaksjonar for brot på vilkår for omsetjing av alkoholvarer.	11
10. Behandling av brot.....	12

Alkoholpolitiske retningslinjer

1. Generelt

Retningslinjene byggjer på Rusmiddelpolitisk handlingsplan for Hallingdal 2012 – 2016 og vidareføring av denne, og er grunnlag for tildeling av løyve for sal og skjenking av alkohol i denne perioden. Den enkelte søknad om sal- og skjenkeløyve for alkoholhaldige drikkevarer vert handsama i samsvar med handlingsplanen og dei alkoholpolitiske retningslinjene.

Alkohollova av 02.06.89, sist endret 07.05.2021 og tilhøyrande forskrifter dannar grunnlag for retningslinjene. Det vert også sett til alkoholloven med kommentarar utgitt av helsedirektoratet, sist endra 09.11.2020.

Kommunen har som målsetjing å redusere samfunnsmessige og individuelle helseskader gjennom kontrollert bruk av alkoholhaldige drikkevarer. Ved praktisering av retningslinjene skal det takast omsyn til eit godt bu- og oppvekstmiljø. Det bør også takast omsyn til at kommunen er ein del av en turistregion. Løyvepolitikken skal være forutsigbar og med retningslinjer som gjev næringen godt driftsgrunnlag og konkurransevilkår. Kontroll av innvilga løyve skal sikre at sal og skjenking skjer i tråd med lov og retningslinjer.

2. Løyveperiode og tildeling

Løyveperiode følger kommunens valperiode på 4 år. Løyveperioden går ut 30.09 året etter at nytt kommunestyre er tilrådt, jfr alkohollova § 1-6. Kommunen kan beslutte av løyver likevel ikkje skal opphøyr, men gjelde vidare for ei ny periode på inntil 4 år, og med opphøyr seinast 30. september året etter at nytt kommunestyre tiltrer. Administrasjonen vil innhente opplysningar frå løyvehavar og offentlege etatar jf. Alkohollova § 1-7 b og 1-7 c i forkant av en ny løyveperiode. Løyvehavar med vesentlege merknader eller avvik frå gitt løyve må søke på nytt innan den frist som kommunen setter.

2.1 Ved tildeling og fornying av løyve skal det leggjast vekt på om søker vert vurdert som eigna til å ha sals- eller skjenkeløyve. Forhold knytt til vandel skal leggjast vekt på, jfr. Alkohollova § 1-7 b og c. Det skal takast omsyn til tidlegare erfaring med søkeren si utøving av løyvet i form av:

- brot på vilkår som er sett for løyvet
- brot på skjenke- eller aldersbestemmingar
- endring av driftskonsept utan godkjenning
- klanderverdige ordenstilhøve ved serverings-/ skjenkestaden
- brot på reklamebestemmingane

2.2 Ved tildeling av løyve skal det leggjast vekt på skjenkelokalet si lokalisering, storleik og karakter i tillegg til målgruppe. Negativ uttale om verksemda si drift, trafikkale og ordensmessige tilhøve skal kunne tilleggast vekt, jf. alkohollova § 1-7a og merknader til alkohollova § 1-7a.

Det blir ikkje gitt skjenkeløyve på slike stader og situasjonar:

- Det blir ikkje gjeve alminneleg skjenkeløyve for verksemdar som ligg i umiddelbar nærleik, og gir vesentleg ulempe for barnehage/skular.
- Det blir i hovudregel ikkje gjeve alminneleg skjenkeløyve ved idrettsarrangement og arrangement som er berekna på barn og unge.
- Det blir ikkje gjeve skjenkeløyve til gatekjøkken, bensinstasjonar, kioskar og liknande.
- Det skal ikkje drivast skjenking i same bygg kor det vert drive asylmottak. Det skal i alle nye skjenkeløyve informerast om at løyve fell bort om det undervegs i perioden vert etablert asylmottak i same bygg.

2.3 Utandørs skjenkeløyve:

- Verksemda kan ha tilsvarande løyve ute som inne, med eventuelt andre skjenketider.
- Serveringsarealet ute skal vere godkjent av kommunen.
- Bedrifter som ikkje har fast løyve for uteservering, kan få slikt løyve i påska, avslutningsfestival og ved andre større arrangement.

- Administrasjonen gjev slikt løyve. Kriteria for uteservering vedteke i Hemsedal kommune må følgjast, sjå kap. 4 i retningslinene.

2.4 Slutta selskap:

For slutta selskap kan eksisterande løyve, etter søknad, bli gjeve utviding som fast ordning eller ved spesielle enkelthøve.

2.5 Ambulerande løyve:

Ambulerande løyve kan innvilgast etter søknad retta til kommunen.

2.6 Løyve for bestemte høve:

Kommunen kan gje løyve for enkelte bestemte høve med unntak av i idrettsanlegg og arrangement som er berekna spesielt for barn og unge.

2.7 Skjenkeløyve i eksisterande Trøim sentrum: Det bør ikkje bli innvilga nye skjenkeløyve for følgjande type skjenkestader i perioden:

- Barar/Pubar
- Diskotek/nattklubbar

3. Tidsbegrensing for skjenking av alkohol

Skjenking av alkoholhaldig drikk gr. 1 og 2, kan skje frå kl. 08.00, jf alkohollova § 4-4 og merknader til lova § 4.4.2

Skjenking av alkoholhaldig drikk gruppe 3, med 22 volumprosent alkohol eller meir, kan skje frå kl. 13.00.

Tidsavgrensingane er sett under føresetnad av at drifta skjer innafor retningslinjer i politivedtekter og støyforskrift.

Innandørs skjenketid

Skjenketid gruppe 1 og 2 kl. 08.00-03.00

Skjenketid gruppe 3 kl.13.00 – 03.00

Utandørs skjenketid:

Perioden 1. november til 31. mai

Skjenketid gruppe 1 og 2 kl. 11.00 – 23.00

Skjenketid gruppe 3 kl. 13.00 – 23.00

Perioden 1. juni til 31. oktober

Skjenketid gruppe 1 og 2 kl. 11.00 – 03.00

Skjenketid gruppe 3 kl. 13.00 – 03.00

Skjenketid når ein skal stille klokka (sommartid/vintertid):

Ved overgang til sommartid stilles klokka fram frå kl. 02.00 til kl. 03.00. Skjenkestader som i henhold til løyvet har skjenketid til klokka 02.00 eller seinare, må stenge skjenkinga på det tidspunktet klokka stilles fram, dvs. kl. 02.00. Klokka er da 03.00 etter ny tid.

Ved overgang til vintertid stilles klokka tilbake frå kl. 03.00 til kl. 02.00. I henhold til maksimaltidene vil skjenketida til alle skjenketider ha utløpt kl. 03.00 (når klokka blir 03.00 første gang den natta), og den utvides derfor ikkje med ein ekstra time.

3.1 Slutta selskap, ambulerande løyve og enkelthøve:

Skjenking kan etter søknad bli gjeve inntil kl. 03.00.

3.2 Konsum av utskjenkt alkoholhaldig drikk må opphøyra seinast 30 minutt etter at skjenketida er ute.

Kommunen kan, der alkoholpolitiske tilhøve tilseier dette, setje tidsavgrensingar for skjenking og sal av alkoholhaldige varer, som er kortare enn dei tidsrammer som alkohollova § 4-4 gjev.

Hotell og andre overnattingsstader kan skjenke alkohol til overnattingsgjestene sine uavhengig av desse føresegnene. Det er ein føresetnad at slik skjenking føregår i andre lokale enn dei vanlege skjenkelokala. Brennevin kan berre skjenkast i den ordinære skjenketida, jf. merknader til alkohollova § 4.4.2.3

4. Krav om utarbeiding av sikkerheitsplan for store arrangement

Det stilles krav om utarbeiding av sikkerheitsplan og innsending av plan til kommune og andre instansar ved store arrangement. Ein skal nytte mal frå [Miljøretta helsevern](#) samt [vegleder for sikkerheit ved store arrangement utarbeida av DSB](#).

5. Spesielle kriteria for uteservering

Serveringsstaden må byggjast etter gjeldande reglar i plan-, og bygningslova, veglova og gjeldande reguleringsplanar.

- Løyvegjevar skal godkjenne utearealet
- Uteserveringsområdet skal vere fysisk avgrensa
- **Støy:** Uteserveringa skal ikkje produsere overdriven støy som kan forstyrre naboar. Dette inkluderer musikk, høgtalerbruk og generell prat
- **Reinhold:** Området rundt uteserveringa skal haldas reint og ryddig. Søppel skal ikkje ligge og flyte, og avfallshandtering skal vera godt organisert.
- **Plassering:** Møbler og anna utstyr skal plasserast slik at de ikkje hindrar fri ferdsel på fortau eller offentlege vegar. Det skal vera tilstrekkeleg plass for fotgjengarar og eventuell trafikk. Gjestene må gå gjennom lokalet eller gjennom ein port frå utsida, for å kome til uteserveringsstaden.
- **Lukt:** Eventuelle matlukter frå uteserveringa skal ikkje vera sjenerande for naboar eller forbipasserande. Dette kan inkludere bruk av ventilasjon og plassering av kjøkken eller griller.
- **Sikkerheit:** Uteserveringa skal ikkje utgjere noko sikkerheitsrisiko for dei som nyttar området eller for dei som går forbi. Dette inkluderer riktig plassering av møbel og eventuelle avsperringar. Serveringsstaden har eit særskilt ansvar for godt vakthald.
- **Estetikk:** Uteserveringa bør vera estetisk tiltalande og i tråd med området karakter. Dette kan bety at møbler og dekorasjonar skal være i god stand og passe inn i den lokale stilen.
- **Røyking:** Om det er tillate med røyking, skal det vera tilrettelagt for dette på ein måte som ikkje plager ikkje-røykarar.
- **Lysforureining:** Belysning frå uteserveringa skal ikkje vera til sjenanse for naboar eller trafikantar. Dette inkluderer både intensitet og retning på lysa.

Ved å følge disse prinsippa kan ein uteservering bidra til eit hyggeleg og velfungerande miljø utan å skape problem for omgjevnadane.

6. Salsløyve

Ordinære daglegvareforretningar kan etter søknad få innvilga løyve til sal av alkoholhaldige varer med inntil 4,7 volumprosent alkohol, jf. alkohollova § 3-1.

5.1 Sal av alkohol gr.1 er tillete frå kl 08.00 til kl 20.00 frå måndag til fredag, og frå kl 08.00 til kl 18.00 laurdag og andre kvardagar som er siste dag før heilagdag, unnateke dagen før Kristi Himmelfartsdag jf. alkohollova § 3-7.

Sal og utlevering av alkohol gr.1 er ikkje tillate på søndagar, heilagdagar eller 1. og 17.mai, vedteke ved lov, jf. alkohollova § 3-7

5.2 Netthandel

Alkoholloven opnar for at det kan gis bevilling til nettsal av øl. jf §3-1 andre ledd. Det vert vist til alkoholforskrifta kapittel 2 og 3 som gjeld sal og utlevering av alkoholhaldig drikk, særleg løyvehavars, styrer og vikar for styrars ansvar for at salet føregår i samsvar med lov og forskrifter. Utlevering av varer må skje innafor dei opningstider som gjeld for løyva. Dette gjeld uavhengig om varen vert utlevert i butikk, er bestilt over internett eller vert køyrt heim til kunden.

7. Ansvar og mynde

Tildeling av løyve vert handsama i samsvar med det gjeldande delegeringsreglement i kommunen.

Kommunen har ansvar for kontroll med utøvinga av kommunale løyve.

Kommunestyret

- Vedtek alkoholpolitiske retningslinjer etter innstilling frå Hovudutval for livsløp – reviderast kvart 4. år.
- Handsamar, etter innstilling frå Hovudutval for livsløp, ny tildeling av alle sals-og skjenkeløyve, første året i ny valperiode.

Hovudutvalet for Livsløp

- Handsamar tildeling av nye løyve, med melding til kommunestyret.

Rådmannen har delegert mynde til å

- Tildele ambulerande løyve for slutta selskap, jf alkohollova § 4-2, 4-5.

- Tildele løyve for einskilde høve, jf alkoholova § 1-6, 4-2.
- Innvilge utvida skjenketid for einskilde høve, jf alkoholova § 4-2.
- Godkjenne skjenkestyrar og avløyssar dersom politiet ikkje har merknadar, jf alkoholova §1-7c.
- Innendra løyve i tilfelle der politiet har stengt serveringsstaden, jf. alkoholova § 1-8a.
- Endre alkoholpolitiske retningslinjer i samsvar med lov- eller forskriftsendringar som trår i kraft i løpet av løyveperioden.

Definisjonar

- Slutta selskap er til dømes bryllaup, jubileum og andre selskap der talet på -, og namn på gjestene er klart på førehand, og der gjestane er særskild invitert. Klubbar, organisasjonar eller reiseselskap er ikkje slutta selskap, jf alkoholova § 4.5.
- Løyve ved einskilde høve er tenkt brukt ved einskilde arrangement som skil seg frå den daglege drifta ved serveringsstaden.
- Einskilde høve er t.d. jubileum for skjenkestaden eller andre store markeringar.
- Helge- og høgtidsdagar i seg sjølv går ikkje under kategorien "einskilde høve."
- Arrangement på meir enn fjorten dagar vert ikkje definert under kategorien "einskilde høve."

8 Andre forhold

8.1. Sals- og skjenkekontroll:

Kommunen skal ha ei kontrollordning som ivareta dei krav lova set om utøving av kontroller. Kontrollen skal særleg omfatte sals- og skjenketidene, aldersbestemmingane, og at det ikkje vert selt eller skjenka til personar som er openbart påverka av rusmidlar.

Kvar sals- og skjenkestad skal kontrollerast minimum 1 gong kvart år. Talet kontrollar skal vere minst fire gonger så mange som talet på skjenkeløyve. Minst 2 av desse kontrollane skal utførast i perioden 1.desember – 1.mai-helga.

Differensiering av antal kontrollar skjer etter storleiken på skjenkestaden og kontrollbehov.

Dato og klokkeslett for skjenkekontroll må koordinerast med kommunen, slik at kontrollen blir utført i de antatt mest utsette periodane.

8.2. Rapportering av omsetning

Løyvehavarar er pliktige til å rapportere til kommunen mengde omsett alkohol for kvart år innan 1. mars påfølgjande år. Siste året av løyveperioden, skal det saman med rapportering av omsetning innhentast opplysningar frå løyvehavar og offentlege etatar før ny løyve kan gis, sjå pkt 2).

Omsetjingstala dannar grunnlag for utrekning av gebyr, som til ei kvar tid føl dei maksimale forskriftsfastsette satsane.

Gebyr for ambulerande løyve og for enkelthøve følg også dei maksimale satsane i forskrift. For større arrangement kan gebyr bli rekna ut som for vanleg løyve.

8.3. Internkontroll

Løyvehavar skal ha internkontroll for si verksemd. Som ein del av denne skal verksemda gjennomføre opplæring i alkohollova med sine tilsette. Kommunen kan gi informasjon og tilby samarbeid om kompetansehevande tiltak.

8.4. Ansvarleg vertskap

I kvar løyveperiode skal kommunen tilby kurs i «ansvarleg vertskap» til dagleg leiar, styrar, vikar for styrar og andre som har sal og/ eller skjenking av alkoholhaldig drikk som sitt arbeidsfelt ved sals- og skjenkestadene i kommunen.

Kommunen administrerer tilbodet i nært samarbeid med politi, skatte- og avgiftsmynda og SLT (samordning av lokale kriminalitetsførebyggjande tiltak).

Føremålet med ordninga er å skape ein betre dialog og forståing mellom løyvemynda og næringa, i tillegg er dette eit tiltak som bidreg til å heve kompetansen i den enkelte verksemda. Kursbevis skal leggst ilag med internkontroll.

8.5. Tiltak og samlingspunkt til rusfrie arrangement

Det vert årleg satt av minimum 45 000 NOK av omsetjingsgebyret til rusfrie aktivitetar/arrangement i tråd med økonomiplanen. Organisasjonar, lag, råd, enkeltpersonar og klubbar med initiativ som kjem ungdom til gode vert oppfordra til å søke. Ubrukte midlar skal setjas på ein konto der ubrukte beløp vert akkumulert til seinare år, inntil 150 000 NOK. Det er ingen øvre grense på søknadsbeløpet så lenge det vert halde innanfor kontoen sitt totalbeløp. Søknader skal handsamast av formannskapet.

8.6. Belysning og musikk

Det skal vera god belysning ved inngangspartia ved alle skjenkestader.

Det skal ikkje spelast musikk på utsida av skjenkestadene etter kl. 23.00. Musikken ved skjenkestadene skal dempast til moderat nivå den siste halvtimen før endt skjenketid.

8.7. Møteplikt på evalueringsmøter vår/haust

Kommunen ilag med næring arrangerar kvart år to evalueringsmøter, eit like etter sesongslutt i mai, samt eit før sesongstart i ca oktober. Det er pålagt at ein representant frå kvar skjenkestad er tilstades. Det er møteplikt, anten fysisk oppmøte eller digitalt. Ved fråvær vert løyvestaden tildelt ein prikk.

Felles fokus på bekjempelse av narkotika skal være fast punkt på de halvårige møtene.

9. Reaksjonar for brot på vilkår for omsetjing av alkoholvarer.

Brot på regelverket for sal eller skjenking av alkoholvarer, eller anna regelverk som har samanheng med føremål i alkohollova om alkoholomsetjing blir teke opp med bakgrunn i rapport frå sals- og skjenkekontrollørar, lensmannen eller skriftleg klage frå andre. I det siste tilfelle skal påstanden undersøkast av kontrollørar før tiltak blir sett i verk.

9.1 Helse- og omsorgsdepartementet har vedtatt følgjande endringar i alkoholforskrifta, som gjeld frå 1. januar 2016:

Bestemmelsene om prikktildeling og inndraging i § 10-2 til § 10-6 gjeld der kontroll gjennomført eller rapport frå andre myndigheter, avdekkar at innehavar av kommunal sals- eller skjenkeløyve ikkje har oppfylt sine plikter etter alkohollova, eller anna regelverk som har samanheng med føremål i alkohollova om alkoholomsetjing.

Ved brot skal kommunen tildele løyvehavar eit bestemt antall prikkar. Likearta brot avdekka ved same kontroll skal sjåast på som eit enkelt brot.

9.2 Dersom løyvehavar i løpet av ei periode på to år er tildelt til saman 12 prikkar, skal kommunestyret inndra løyva for eit tidsrom på éi veke. Dersom det i løpet av

toårsperioda vert tildelt fleire enn 12 prikkar skal kommunestyret auke lengda på inndraginga tilsvarende.

Ved berekning av toårsperioda skal brotstidspunkta leggas til grunn.

Toårsperioda gjeld uavhengig av om løyva er fornya i løpet av perioden, jf. alkoholloven § 1-6. Ved overdraging begynner ny periode på overdragingstidspunktet, jf. alkoholloven § 1-10 første ledd.

9.3 Dersom det føreligg heilt spesielle og svært formildande omstende/forhold, kan kommunen tildele færre prikkar for et brot enn det som følgjer av lovverket.

Dersom det føreligg svært skjerpa omstende/forhold, kan kommunen tildele fleire prikkar for eit brot. Kommunestyret kan ved svært skjerpa omstende/forhold også auke lengda på inndraginga, og i dei alvorlegaste tilfella for resten av løyveperiode.

Dersom omstende/forholda som nemnt i første og andre ledd vektleggast, skal dette grunngjevast særskilt i vedtaket.

10. Behandling av brot

Når det er avdekka brot skal administrasjonen sende ut forhåndsvarsel om tildeling av prikker, jf. Forvaltningslova § 16, skriftleg rapport sendes snarest mogleg og innan ei veke til sals- eller skjenkestaden med adgang for løyvehavar å uttale seg innan to veker. Saka skal leggjast fram for Hovudutval for Livsløp med forslag til reaksjonar (prikktildeling eller ikkje). Saka skal vidare til Formannskapet for endeleg vedtak. Er det derimot mindre brot og avvik (ein til to prikkar), vert det handsama av administrasjonen. Hovudutval for Livsløp vil få melding om avviket.

Spørsmål om inndraging av løyve vert avgjort av kommunestyret eller det politiske organ kommunen har delegert avgjersla til.